



STRYN KOMMUNE
Sentraladministrasjonen
Rådmannsavdelinga

Landbruksdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruksdepartementet	
Saksnr.: 3003 100658	Doknr.: 4
Mottatt: 02 APR 2003 AMH/mst	
Saksbeh.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Vår ref.
2002000542-11/J10 //ANH

Dykkar ref.

Dato:
31.03.2003

Endra ansvarsfordeling i matforvaltninga - økonomisk oppgjer.

Stryn formannskap drøfta ovanfornemnde sak i møte 26.03.03 og gav slik fråsegn som den vedlagde utskrifta av møteboka, sak 50/03, viser.

Vedlagt fylgjer også formannskapet sine fråsegner frå 03.04.02 og 09.10.02 som fylgde denne siste saka som vedlegg.

Med helsing

Anders Heggdal
kontorsjef
57 87 47 12

Kopi til:

KS-Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Næringsmiddeltilsynet for Stryn og Hornindal

Besøksadresse	Telefon	57 87 47 00	Banksamband
Tinggt. 16			
Postboks 263	Telefaks:	57 87 47 19	Nordea
6781 STRYN			Sparebanken SFJ Stryn
			Sparebanken SFJ Innvik
			Postbanken (SKATT)
	e-postadresse:	postmottak.sen@stryn.kommune.no	6557 05 02802
	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no	3795 07 00239
			3770 07 00314
			7855 05 14493

Org.nr: 963 989 202



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 050/03	Formannskapet	26.03.2003

Ref: 2002000542 -10 Ark. J10 -
Sakshandsamar: Harald Risnes

Endra ansvarsfordeling i matforvaltninga - økonomisk oppgjerd. Framtidig organisering av laboratorietenestene.

Presentasjon:

Landbruksdepartementet har sendt forslag til lov om overtaking av formuesposisjoner ved endra ansvarsfordeling i matforvaltninga ut på høyring. Vidare er eit notat om framtidig organisering av laboratorietenestene på matområdet m.m. sendt ut på høyring.

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Høyringsnotat vedk. endra ansvarsfordeling i matforvaltninga dat. 28.02.03.
- Samandrag av høyringsnotat om framtidig organisering av laboratorietenestene på matområdet m.m. dat. 20.02.03.
- Fråsegn frå Stryn formannskap 03.04.02.
- Fråsegn frå Stryn formannskap 09.10.02.

Ikkje vedlagt:

- Høyringsnotat dat. 20.02.03.

Saksopplysningar:

Med bakgrunn i handsaming i Stortinget vert det lagt til grunn at det skal opprettast eitt felles mattilsyn for sjøbasert og landbasert matproduksjon. Det er vidare lagt til grunn at laboratorieverksemda, som i dag er knytt til tilsynsordninga, skal organiserast uavhengig av tilsynet (skiljast ut som sjølvstendige einingar).

Det ligg no føre utkast til lov om overtaking av formuesposisjonar ved endra ansvarsfordeling i matforvaltninga. Vidare er det utarbeid eit høyringsnotat om den framtidige organisering av laboratorietenestene på matområdet. Det vert vist til dokumenta som ligg ved.

Stryn formannskap har tidlegare sterkt beklaga endringsforslag som er på gang og spesielt at det er lagt opp til å skilje ut laboratedelen av dagens tilsynsverksemd. Formannskapet har vidare peika på at prinsippa for oppgjerd mellom staten og kommunane i samband med

ansvarsoverføringa må gjennomførast på ein slik måte at ikkje berre staten, men også kommunane vert i stand til å utføre sine oppgåver på ein tilfredsstillande måte også etter omorganiseringa. Formannskapet har vidare peika på at det er naturleg at KS ivaretek rolla for kommunane i samband med for det praktiske økonomiske oppgjerdet.

Vurdering:

Vedkomande lovforslaget har rådmannen ikkje kommentarar. Når det gjeld den framtidige organisering av laboratorietenestene på matområdet registrerer ein at det skal leggst til grunn at staten har eit overordna ansvar for å sikre at det også i framtida blir tilgang til fullverdige laboratorietenester på matområdet over heile landet. Det blir skissert omstillingsbehov og verkemiddel for å påverke utviklinga m.m.. Rådmannen vil likevel understreke formannskapet si tidlegare fråsegn der det heiter: "at det både er mest rasjonelt og samfunnsmessig rett å ta vare på og vidareutvikle den noverande KNT-modellen når det nye mattilsynet skal utformast. Laboratoriet må vere ein nødvendig del av det nye tilsynet, og laboratoriedrifta må regulerast av krav til akkreditering."

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Stryn formannskap tek framlegget til lov om overtaking av formuesposisjonar ved endra ansvarsdeling i matforvaltninga til vitande.
2. Stryn formannskap meiner no som tidlegare at det både er mest rasjonelt og også samfunnsmessig rett å ta vare på og vidareutvikle den noverande KNT-modellen når det nye mattilsynet skal utformast. Laboratoriet må vere ein nødvendig del av det nye tilsynet, og laboratoriedrifta må regulerast av krav til akkreditering.

Handsaming i Formannskapet 26.03.2003.

FO-050/03 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

Sign.


Harald Risnes
- sekr.-

Utskrift sendt til:

Landbruksdepartementet
KS- Sogn og Fjordane
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Næringsmiddeltilsynet for Stryn og Hornindal